

NVE

Seksjon for Energikonsesjon

Att : Sissel Belgen Jakobsen

Pb 5091 Majorstuen

0301 Oslo

Dato: 08.12.2014

Sula Kraft AS trekkjer konsesjonssøknad for Ytre Sula vindkraftverk.

Viser til konsesjonssøknad frå Sula Kraft AS for bygging av Ytre Sula vindkraftverk datert 30 juni 2011 (NVE saknr. 200703543).

Sula Kraft AS meiner dei naturgjevne tilhøva på Ytre Sula ligg særst godt til rette for produksjon av klimavenleg og fornybar elektrisitet, ei vare som verda i aukande grad etterspør. Det omsøkte prosjektet har ein berekna årleg straumproduksjon på heile 450 mill kWh, med ein samla investeringsanslag på nær to milliardar kroner.

Sula Kraft AS har inngått avtale med grunneigarane om leige av grunn for vindkraftverket. Grunneigarane og fleire av innbyggjarane i Solund har vore aktive pådrivarar for å få fram prosjektet og den verdiskapinga som vil følgje med ei realisering av vindkraftverket.

Kommunestyret i Solund har derimot vore tydeleg på at dei ikkje ønskjer det omsøkte Ytre Sula vindkraftverk. Utan lokal aksept er det, etter vår oppfatning, krevjande å få storsamfunnet til å tvinge tiltak som vindkraftutbygging på kommunane. Sula Kraft AS har dei siste par åra føreslege justeringar av prosjektet, for å dempe konfliktnivået og dermed få kommunestyret sin aksept for planane. Mellom anna er det lagt fram ei justert nettløysing basert på sjøkabel. Kommunestyret sin posisjon er likevel uendra.

På dei tre åra som er gått sidan konsesjonssøknaden for Ytre Sula vindkraftverk vart lagt ut på offentlig høyring, har fleire andre norske og svenske prosjekt fått konsesjon og er godt i gang med detaljplanlegging og realisering. Utbygging av norske kraftverk må vere ferdig innan 2020, for å få tilgang til elsertifikat i den felles godkjende svensk-norske ordninga. Utan naudsynt lokal forankring er i dag Ytre Sula vindkraftverk blitt dårleg posisjonert til å nå denne tidsfristen. Både eigarane og styret i Sula Kraft AS meiner difor det ikkje lenger er forsvarleg å bruke eigne, eller offentlege, ressursar på vidare innsats for det konsesjonssøkte Ytre Sula vindkraftverk.

Sula Kraft AS trekkjer difor ovanfor nemnde konsesjonssøknad.

Med venleg helsing



Olav Osvoll
Dagleg leiar
Sula Kraft AS